Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. | Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hemne

Emne: Lauving | Bygdelag: „Vassbygda"

Oppskr. av: Arne Sødal | Gard: Knutsøra

(adresse): Kyrksæterøra | G.nr. 111 | Br.nr. 7-8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, ein og annan lauvar enno litt, helst i dårlege forår, og helst dei på små bruk, som blir tidleg ferdig med slåtten og har høveleg tid. Elles er det stort sett slutt med denne „foringa" no, både av di det er lite „rasjonelt", og så at det ikkje er folk til det." Det er såleis slett ikkje „årvisst" lenger. Trur ikkje det var stort annleis under siste krigsåra heller. Når det slutta er vandt å seia noko fast for. Det høyrde den gamle driftsmåten til med „vik-drift og all slag „rastfôring". Etter kvart som den „sterkare" driftsmåten har kome fram, har og lauvinga gått av bruk. Grunnen: Kom kunstgj. kring 1900.
( Oppl. blir difor å halda i forlid. )

2. Lauvinga vart helst gjort om hausten. Men det var nok og mykje vanleg å „ta lauv" ~~vm~~ i håballen. Det siste var nok halde for det beste. Elles kom det vel mykje an på kor det høvde med tida.

1671
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Best likt her var lauv av rogn, bjørk, osp og selje. „Ta lauv" og „Serra lauv" er vanleg nemning på arbeidet.

3 Ein vanleg kornsigd var mest vanleg. Men somme kunne også ha ein noko kraftigare sigd, lauvserrn, gjerne da med noko serlaga skap, med ein sers bøygg utpå enden. Ingje sers reidskap til å nå i kristene. Ask og eik finst ikkje her. Har ikkje høyrt tale om at nokon har rispa lauv.

4. Det vanlege er å halda seg til tre på rot, helst kjerr og småskog og renningar der det nyleg er hogge. Men Marie Snilldal frå Snillfjord fortel at der brukte dei gjerne hogga ned trea (Ho er 80 år). „Kylletre" er ukjent her. Men det vart også ofte gått til same kjerra når nokre år var gått, for der vart gjerne nyrenningane tettast og finast. Noko visst med høgda var det ikkje.

5. Kristene vart bunde i kjerv, og desse vart anten heimkøyrde straks og reist kring veggene på lem og låve – eller kasta oppå ein lem eller hjell, eller dei vart for det første kanskje hengde opp ned på ein staka og køyrt heim når ein vann det. Men dei måtte helst ikkje liggja ute i regnver. Stakking er ukjend.

6 Det som var nærast til vart bore til husa. Var det lenger unda

1671

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Køyrde ein, med vogn eller slede, etter som lendet var. Var det sjøveg, vart det sjølsagt nytta båt. Nokon sers storleik på børdene var det visst ikkje. Ingi dugnad på slikt arbeid.

7. Ja. Inga sers arbeidsdeling.
8. Som det helst fall seg — kring veggene i tomme uthus, og på trev og hjellar. Men det skulle helst vera daggfritt når ein tok det inn. Oppå høystabben kunne ein og kasta det. Lauvet vart nytta til smalen, sau og geit, ein gong om dagen. Mengda skilde seg etter så mykje ein hadde å ta av. Mor fortalde at 100 kjerve og eitt lass småhøy skulle vera nok til ein sau for vinteren.
9. Bjørke- og rognelauv. Somme helst og alderlauv for fint til sauene, men det var verre å få fin turk på.
10. Nei. Men rognelauv og -bar nytta var mykje til grisen heime. Vi kleiv da helst oppi treet og rispa ned, og bar det heim i sekk eller bøtte.
11. Nei, heilt ukjent.
12. Ikkje brukt her.

Hemne 17/5-1948

Arne Sødal

1671

E.s. Mykje av dette er etter Johan Simes, 83 år gl. D.s.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vår lauving kanskje har vore
noko mindre nytta her enn mange
andre stader, kjem det gjerne noko
av at her i bygda har det jamt-
over vore rikeleg med raking og
fjellslåtter, og det var själsagt
betre forbergjing enn lauvtaking.

D. S.

1671
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING